

# Referat frå Vats Grendautval sitt folkemøte i Vindafjordhallen

## Torsdag 11. nov. 2010

Om lag 30 personar kunne Jon Olav Velde ynskja velkommen til dette folkemøtet. I tillegg var det innbedne gjester/fagfolk som skulle snakka om Vatsvassdraget:

**Anders Hobæk** frå NIVA (Norsk Institutt for Vannforskning)

**Ørjan Simonsen** frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling

**Alf-Ole Bull Tornøe** frå kommunen si landbruksavdeling

**Harald Olav Stuhaug** frå "-----" ved bruk av SMIL-midler

**Lars Kjetil Flesland** frå Haugaland landbruksrådgjeving/forsøksringen

Folkemøtet var to-delt:

1. Vatsvassdraget – tilstandsrapport og tiltak for å minska forureininga.
2. Årsmøte for Grendautvalet – årsmelding, rekneskap og val.

### **Åsmund Kalstveit leia del 1 om Vatsvassdraget.**

Han presenterte fyrst dei nemnde gjester/fagfolk som alle fekk ordet i tur og orden for å få fakta fram om Vatsvassdraget og hjelpa til med råd og rettleiing om tiltak m.m.

### **Fyrst ut var Anders Hobæk frå NIVA:**

Han tok utgangspunkt i rapporten som han har laga etter at prøvetakingsperioden var ferdig. Rapporten syner at Vatsvassdraget er eit svært belasta vassdrag som det må gjerast tiltak i før det er for seint. Særleg er Landavatnet i dårleg forfatning og kjem i kategorien dårleg (oksygenfritt under 7 – 8 m), Vatsvatnet er i kategorien moderat.

Alle tilførselselvar til vatna er med og forurensar vatna i større og mindre grad.

Sjå rapporten som ligg på vatsnett.com Dette er ein svært god og fyldig rapport.

Hobæk kom inn på ulike tiltak som kan vera aktuelt å sjå nærare på:

- a. Tidleg gjødsling med naturhevd
- b. Kantonevekst
- c. Randsoner ved vasskanten
- d. Redusere punktutsløpp – kontroll av avløp frå silo m.m.
- e. Renseparkar
- f. Pumpa luft ned i botnen av vatnet – dette er omfattande.
- g. Unngå gjødsling i uversperiodar dersom dette er mogleg å få til.

### **Deretter fekk Ørjan Simonsen frå fylkesmannens miljøvernavdeling ordet:**

Han fortalde om erfaringane sine frå Jærvassdraget som hadde mange parallelle likheter med Vatsvassdraget når det galdt forurensing. Begge er belasta med avrenning frå landbruket.

Prosjektet "Aksjon Jærvassdraget" vart oppretta p.g.a. bekymringane som folk såg. I kjølvatnet av dette kom eigne "Bekkelag" i stand – dvs. ein organisasjon for grunneigerane.

Resultat av tiltaksarbeid kan ein ikkje sjå etter dag 1, men ein må ha is i magen og ha eit langsiktig mål over mange år sa Simonsen.

Elles var han samd med at tiltaka som Hobæk i NIVA nemnde. Han var samd med at nokre av desse tiltaka kunne vera fornuftige å få inn i ein framtidig tiltaksplan.

Fylkesmannen er svært oppteken av vassdraga i fylket og vil i løpet av 2011 kontakta alle kommunar og arbeida med denne saka. Vindafjord kommune får besøk hausten 2011.

Alle kan lesa meir om dette ved å gå inn på nettsida [vannportalen.no/rogaland](http://vannportalen.no/rogaland)

### **Kommunen sin landbruksrådsgjevar Alf-Ole Bull Tornøe var neste mann ut.:**

Han kom med fleire konkrete forslag til tiltak som kunne vera vel verdt å ta med seg:

- a. Auka lagringsplassen for naturgjødsla – unngå altfor sein utkjøring til inga nytte.
- b. Spreiearealet – at dette var stort nok etter forskriftene.
- c. Punktutslepp – kvar bonde måtte kontrollera om dei hadde uønska utslepp.
- d. Rundballar – desse måtte ikkje lagrast like ved vassdraget p.g.a. lekasje or ballen.
- e. Biogass – fleire bønder kunne ha gjødselslager i fellesskap og utnytta energien her.
- f. Sunt bondevet – viktig å bruka fornufta ved utkjøringstidspunkt for gjødsla.

### **Førsøksringen eller Haugaland landbruksrådsgjeving v/Lars Kjetil Flesland:**

Han har teke mange jordprøvar rundt omkring i kommunen og analysert desse. Prøvane syner at Vats ligg nokså likt med Haugalandet elles.

Han kom også inn på fleire viktige saker som var til ettertanke.

- a. Tidleg gjødsling gir best resultat – planter i vekst tek opp næringa – god økonomi.
- b. Sein utkjøring av naturgjødsla gir liten effekt - svært uøkonomisk - forurensande.
- c. Tiltak – same som er namnt tidlegare.

Etter kvar innleiar var det høve til spørsmålsrunde som fleire nytta seg av. Det syner seg at folk er opptekne av tiltak og økonomi i landbruket. Det er tydeleg at bønder og andre er villige til å gjera noko med vassdraget vårt og redde dette før det er for seint.

### **Vidare arbeid:**

Det blir valt ei styringsgruppe av fagfolk som kan koma med konkrete tiltak for å minska forureininga av vassdraget.

Denne prosjektgruppa blir samansett slik:

1. Fylkesmannen – miljø- og kulturlandskap: Anne Grete Rostad
2. Kommunens landbruksavd.: Harald Olav Stuhaug, han disponerer SMIL-midler
3. Haugaland landbruksrådsgjeving: Lars Kjetil Flesland
4. Bondelaget: vel sjølv representant.
5. Grunneigarlaget: vel sjølv repr.
6. Grendautvalet: vel sjølv repr.

Grendautvalet tek initiativ til å kalla gruppa saman til eit fyrste møte.

## **Årsmøtet 2010**

### **Årsmelding for 2009 - 10**

Leiaren/skrivaren Jon Olav Velde gjekk gjennom årsmeldinga. Ingen merknader.

Årsmeldinga er å lesa på heimesida til Vats – vatsnett.com

### **Rekneskapen for 2009 - 10**

Kasseraren Jon Olav Velde gjekk gjennom rekneskapen. Ingen merknader.

Rekneskapen er også å lesa på vatsnett.com

### **Val: Severin Fatland leia valet og fekk dette resultatet:**

<b>Leiar:</b>	<b>Jon Olav Velde</b>	<b>1 år.</b>	<b>Gjenval</b>
<b>Styremedl.:</b>	<b>Anne Nesheim Myhre</b>	<b>2 år</b>	<b>ny</b>
	<b>Kristin Ove Skare</b>	<b>2 år</b>	<b>ny</b>
	<b>Hilde Fadnes Hølland</b>	<b>2 år</b>	<b>ny</b>
	<b>Åsmund Kalstveit</b>	<b>Står frå før</b>	
	<b>Severin Fatland</b>	<b>Står frå før</b>	

**Varamedl.: Arve Mjølhus    1 år**  
**Olaug Urdal        1 år**

**Revisor: Per Fatland**

**Valnemnd: Ingunn Skosheim Ohm**  
**Gro Karin Velde**  
**Bjørn Morten Stokka**

Jon Olav takka Ingunn Skosheim Ohm og Gro Karin Velde som nå går ut av styret for godt og konstruktivt samarbeid i desse to åra.

Han takka også Bjørn Morten Stokka for arbeidet han gjer med å drifta heimesida til Vats på ein god måte. For å få ei funksjonell og god heimeside, er Bjørn Morten avhengig av at folk sender inn stoff om ulike hendingar, bilete, aktivitetar frå lag og foreningar m.m.

Deretter ynskte Jon Olav dei nyvalde medlemmene velkommen inn i styret og håpte på godt samarbeid med desse.

Det vart til slutt ei oppfordring til å koma med saker og tips som Grendautvalet kan arbeida med i tida framover i tillegg til vatsvassdraget.

- a. Sykkel- og gangveggar m/lys i Vats
- b. Rundkjøring eller venfil på E 134 v/Knapphus
- c. Undergang/overgang ved farlege overgangar for fotgjengerar ved Knapphus
- d. Badeplasser – tilrettelegging for slike
- e. Laga det ryddig og fint ved bussholdeplassen v/Knapphus

**Til slutt takka Jon Olav alle frammøtte for ein god og sakleg kveld og ynskte alle vel heim.**

**Øvre Vats 12/11 – 2010**

**Jon Olav Velde**  
**- leiar/skrivar-**